

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 14.09.2016

Beate Husa (KrF) sette fram slikt forslag:

«Alternativ til punkt 2:

Utval for kultur, idrett og regional utvikling registrerer at Hordaland ligg lågare enn landsgjennomsnittet når det gjeld stillingsressursar og mediekjøp i folkebiblioteka. Kommunane i Hordaland vert oppfordra til å sjå heile bredda i folkebiblioteka sitt samfunnsoppdrag, både kunnskap, kultur, demokrati og lokal møteplass, når dei løyver ressursar til bibliotekenesta. Utvalet vil peike på at mange kommunar har arbeidd godt for å skaffe prosjektmidlar av ulik art, og gjennom dette generert aktivitet og utvikling. Men det er likevel ikkje ein bærekraftig arbeidsmåte. Kommunane vert difor oppmoda om å prioritere auke i grunnfinansieringa. Fylkesrådmannen blir beden om å formidle denne oppfordringa i brev til kommunane.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Husa sitt forslag vart samrøystes vedteke mot ingen røyster for fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2.

Vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling tek statusrapporten til orientering.
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling registrerer at Hordaland ligg lågare enn landsgjennomsnittet når det gjeld stillingsressursar og mediekjøp i folkebiblioteka. Kommunane i Hordaland vert oppfordra til å sjå heile bredda i folkebiblioteka sitt samfunnsoppdrag, både kunnskap, kultur, demokrati og lokal møteplass, når dei løyver ressursar til bibliotekenesta. Utvalet vil peike på at mange kommunar har arbeidd godt for å skaffe prosjektmidlar av ulik art, og gjennom dette generert aktivitet og utvikling. Men det er likevel ikkje ein bærekraftig arbeidsmåte. Kommunane vert difor oppmoda om å prioritere auke i grunnfinansieringa. Fylkesrådmannen blir beden om å formidle denne oppfordringa i brev til kommunane.